

Verdas helseorganisasjon feira 50 årsdagen med ein jubileumssesjon i 1998. Til dette jubileet kom det statsleiarar frå heile verda. Noreg hadde spesiell interesse av dette møtet, for på den ordinære delen av sesjonen vart Gro Harlem Brundtland vald til generalsekretær. Det var derfor ein stor norsk delegasjon til stades.

Nokre av dei som kom heim, fortalte at det var éin tale som skilde seg ut, og som hadde gjort eit djupt inntrykk. Medan dei andre statsleiarane stort sett heldt festtalar, gjekk Fidel Castro rett på sak. Han sette fingeren på hovudproblemene i verda i dag.

Vi vart nyfikne. Begeistringa for Castro kom frå folk vi elles hadde trudd stod langt frå Castro i politisk syn. Etter mykje strev klarte vi til slutt å få tak i talen. Omtrent samstundes kom Sosialkomiteen heim frå vitjing på Cuba. No fekk vi oppleve John Alvheim og andre snakke i høgstemde ordelag om det dei hadde sett. Vi bestemte oss derfor for å reise til Cuba for å intervju Castro sjølv.

Castro sluttar talen sin slik: «Verda kan også kjempe og vinne.» Vi ønskete å spørje Castro om korleis han ser denne kampen for seg. Kva råd har den siste sosialstleiaren i verda til verdas folk? Korleis skal verda kjempe og vinne? Hendingane denne hausten viser vel tydeleg at verda treng råd.

Castro er ikkje lett å kome inn på. Vi har prøvd mange vegar for å få til eit intervju, men vert støtt stogga før vi når dei indre gemakka. Det har teke tid, men vi trykkjer no talen som han er.

Talen er omsett frå spansk av Helge Bjørlo.

Gunnar Strøno

Tale halden av Dr. Fidel Castro Ruz, President i Republikken Cuba, på jubileumssesjonen for 50 årsdagen for stiftinga av Verdas Helseorganisasjon (VHO) i Nasjonspalasset, Genève, Sveits, 14. mai 1998.

Eksellensar, Styret i VHO, distingverte utsendingar

Ære til Verdas helseorganisasjon som saman med UNICEF reddar livet til fleire hundre millionar born og millionar av mødre, som lettar lidingane og reddar mange andre menneske frå døden. Desse to institusjonane, i lag med FAO, FN sitt program for utvikling, UNCTAD (United Nations Conference on Trade and Development), Verdas matvareprogram, Verdas befolkningsfond, UNESCO og andre organisasjonar som er så kritiserte av dei som ønskjer å gå til åtak på dei edle ideane som inspirerte til danningsa av FN, har gjort sitt for på ein avgjerande måte å skape eit universelt samvit om dei store problema verda slit med i dag og dei store utfordringane vi har framføre oss.

Dersom verdsøkonomien, slik velrenomerte analytikarar hevdar, vart seks gongar større, og produksjonen av varer og tenester auka frå mindre enn fem tusen milliardar dollar til meir enn 29 tusen milliardar frå 1950 til 1997, kvifor døyr då framleis kvart år 12 millionar born under fem år, det vil seie 33 tusen dagleg, der det store fleirtalet kunne vore redda? Ikkje nokon stad i verda, ikkje i noko folkemord, ikkje i nokon krig



blir så mange drepne i minuttet, i timen og om dagen som det som svolten og fattigdomen tek livet av på planeten vår 53 år etter at FN vart danna.

Ungane som dør, og som kunne vore redda, er i nesten eit hundre prosent av tilfella fattige, og av dei som overlever er det kvart år 500 tusen som blir blinde av mangel på ein enkel vitamin som kostar mindre årleg enn ei pakke sigaretar. Kvifor er 200 millionar barn under fem år underernærte? Kvifor arbeider 250 millionar barn og ungdommar? Kvifor går ikkje 110 millionar barn i grunnskolen og 275 millionar er utanfor vidaregåande skole? Kvifor blir to millionar jentebarne prostituerete kvart år?

Fordi i denne verda, som årleg skapar varer og tenester for nesten 30 tusen milliardar dollar, bur 1300 millionar menneske i absolutt fattigdom. Fordi dei har mindre enn ein dollar dagen å leve for, medan det er andre som mottar ein million dollar om dagen. Fordi 800 millionar manglar dei mest elementære helsetenester. Fordi av dei 50 millionar menneske som kvart år dør på jorda vår, både barn og vaksne, dør 17 millionar, det vil seie nesten 50 000 kvar dag, av infeksjonssjukdomar som nesten alle kunne vore lakte av, eller enda betre, ha unngått, for ein pris som av og til er mindre en ein dollar per person.

Kor mykje kostar eit menneskeliv? Kor mykje kostar den urettvise og utelege økonomiske verdsordninga for menneskeslekta? 585 000 kvinner døydde i 1996 i løpet av svangerskap eller fødsel, 99 prosent i den tredje verda. 70 000 døydde etter abort under uhygieniske omstende, 69 000 av dei i Latin-Amerika, Afrika og Asia.

Bortsett frå ein avgrunn av ulikskap i levestandard, så lever folk i dei rike landa gjennomsnittleg 12 år lenger enn i dei fattige landa. I enkelte land er skilnaden i levealder mellom dei rikaste og dei fattigaste på mellom 20 og 35 år.

Det er svært trist å tenke på at når det gjeld tilhøva for mødre og barn, trass i innsatsen frå VHO og UNICEF, så døydde det i dei siste femti åra 600 millionar barn og 25 millionar mødre som kunne ha overlevd. For at det ikkje skulle ha skjedd, måtte vi ha hatt ei meir rasjonell og rettvis verd. I den same etterkrigstida vart det investert meir ein 30 tusen milliardar dollar i militære kostnader. I følgje oppgåver frå Dei Sameinte Nasjonane ville kostnadene med å gi alle tilgang til grunnleggjande helsetenester vere på 25 milliardar dollar årleg. Det svarar til 3 prosent av det som i dag går til militære kostnader. Og i dag er det ingen kald krig.

Handelen av våpen som er laga for å drepe, får halde fram, og medisinane som er laga for å redde liv, blir stadig dyrare.

Marknaden for medisinar kom i 1995 opp i 260 milliardar dollar. Dei rike landa, med 14,6 prosent av folketalet i verda, 824 millionar menneske, brukar 82 prosent av medisinane. Resten av verda, 4815 millionar brukar berre 18 prosent. Prisane gjer medisinane i røynda uoppnåelege for den tredje verda, med unntak for dei privilegerte i desse landa. Kontrollen over patentar og marknader som dei store multinasjonale selskapa utøver, gjer dei i stand til å auke prisane til meir enn 10 gonger produksjonskostnadene. Ein del av dei nyaste antibiotika har ein pris som er 50 gonger produksjonskostnaden.

Men menneskeslekta held fram med å vekse. Vi er no nesten 6 milliardar, og veks med 80 millionar årleg. Det tok to millionar år å nå den første milliarden. Det tok hundre år å bli ein milliard til, medan den siste milliarden tok berre 11 år. Om femti år vil det vere 4 milliardar fleire innbyggjarar på planeten vår.

Gamle sjukdomar har dukka opp på nytt, og det oppstår nye; AIDS, ebola, hantavirus, encefalopatia espongiforme bovina. Meir enn 30 i følgje spesialistane. Enten får vi bukt med AIDS, eller så gjer AIDS ende på mange land i den tredje verda. Ingen fattig AIDS-sjuk kan betale 10 000 dollar årleg som er det behandlinga i dag kostar som gjer livet lengre, utan å kurere sjukdomen.

Klimaet endrar seg, hava og atmosfæren blir varmare, lufta og vatnet blir ureina, jordsmønet eroderer, ørkenane veks, skogane blir borte, det blir mindre vatn. Kven skal redde arten vår?

Dei blinde og ukontrollerbare marknadslovene? Den nyliberale globaliseringa? Ein økonomi som veks av seg sjølv og for seg sjølv lik ein kreftsvulst som fortærer mennesket og øydelegg naturen? Dette kan ikkje vere den rette vegen. Eller det er det berre for ein kort periode i historia.

Mot dette kjemper Verdas helseorganisasjon heroisk vidare, og den har, i tillegg, plikt på seg til å vere optimistisk.

Som kubanar og som revolusjonær, deler eg denne optimismen. Cuba med ein barnemortalitet på 7,2 for kvar 1000 levandefødde i det første leveåret, med ein lege per 176 innbyggjarar, som er det høgste i verda, og med ein forventa levealder på tett under 75 år, oppfylte alt i 1983 målsettinga som var sett for år 2000 med eit helseprogram for heile folket. Trass i handelsblokaden som vi har lidd under i snart 40 år. Trass i å vere eit fattig land i den tredje verda. Forsøket på folkemord mot oss gjorde at vi mangedobla innsatsen og viljen til å overleve. Verda kan også kjempe og vinne.

Mange takk